

A photograph of three children performing on a stage. In the foreground, a young boy with light brown hair, wearing a dark blue long-sleeved shirt and dark pants, is playing a violin. Behind him, a girl in a white lace-trimmed top and green pants stands with her hands clasped. To the left, another girl in a light blue sweater and blue jeans is also playing a violin. The background shows an audience member in a red top holding a smartphone to record. The image is framed by decorative white floral patterns in the corners.

ÅRSMELDING 2021

SOGN OG FJORDANE
FOLKEMUSIKKLAG

Årsmelding 2021

Sogn og Fjordane Folkemusikklag

INNHALD

SAMANDRAG.....	s. 2
Organisasjon.....	s. 2
Fond.....	s. 2
Prioriterte satsingsområde.....	s. 2
Informasjonsarbeid.....	s. 2
Folkemusikkarenaer.....	s. 2
Kulturpolitisk arbeid.....	s. 3
Særlege pandemiltak.....	s. 3
INNLEIING.....	s. 4
PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE.....	s. 4
Informasjon.....	s. 4
Folkemusikkarena.....	s. 4
Kulturpolitisk arbeid.....	s. 5
Fylkesmusikarordninga.....	s. 5
Distriktsmusikarordninga.....	s. 5
Gjennomgang av opplærings- og rekrutteringsopplegget.....	s. 5
Organisasjon.....	s. 6
Styret 2021.....	s. 6
Administrasjon – dagleg leiar.....	s. 7
Rekneskap.....	s. 7
Fordeling av ekstraordinære «koronamidlar».....	s. 7
Årsmøte 2021.....	s. 8
Lokallagsbesøk.....	s. 8
Medlemmer, medlemskap og representasjon.....	s. 8
REGIONREFORMA OG SAMARBEID MED HORDALAND.....	s. 8
UTGJEVINGAR.....	s. 9
Rolf Myklebust: "Slåttar i Nordfjordtradisjon".....	s. 9
Skumringstimen.....	s. 9
Andre utgjevingar som laget har for sal.....	s. 9
NETTPORTAL.....	s. 9
SOSIALE MEDIA.....	s. 10
FOLKEMUSIKKPRISEN.....	s. 10
UTSNITT.....	s. 11
Vestlandskappleiken.....	s. 11
Arrangement 2021.....	s. 11
FOND.....	s. 12
Rolf Myklebust Minnefond.....	s. 12
Mokursfondet.....	s. 12
SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR.....	s. 12

Framsidedeilete: Dei tre unge som spelte på Jubileumsfesten 13. november. Frå venstre: Lena Strand, Maida Girzadaite og Sigbjørn Eikås.

SAMANDRAG

2021 vart, som i fjor, svært sterkt prega av koronapandemien og dermed nedstenginga av landet som gjorde at så godt som all aktivitet måtte avlysast. Vi fekk gjennomført eit fysisk styremøte og ein jubileumsfest med dans. Styreleiar vitja Vestlandskappleiken i Granvin saman med nokre få kappleiksdeltakarar frå Sogn og Fjordane. Han fekk såleis med seg oppsummeringsmøtet i etterkant av kappleiken. Resten av styremøta, og alle arbeidsmøta saman med Hordaland folkemusikklag har vorte haldne som nettmøte utanom eitt. Årsmøtet vart òg gjennomført som nettmøte 11.04.2021. Leiar har òg delteke på eit fysisk møte i Sunnfjord kulturråd der emnet var FolkOrg sitt opplegg for Folkemusikkens og folkedansens dag 16.juni 2022.

Organisasjon

Styret har vore samansett slik: Knut David Hustveit – leiar, Kirsten Friis – nestleiar, Arne Fossøy, Jorunn Sollid og Jofrid Årdalsbakke Djupvik. Varamedlemmer har vore: Marie Nicolaisen, Dagfrid Vallestad Brevik og Berner Midthjell. Laget hadde 637 medlemmer (670 året før) medlemmer fordelt på 20 lokallag. Av desse var 82 born og unge under 18 år. Liv Ulvik var dagleg leiar fram til 15.01.2021. Dordi Boksasp Lerum var dagleg leiar resten av året.

Styret har hatt 9 styremøter og handsama 54 saker.

Ny dagleg leiar: Styret tilsette Nikolai Storevik som ny dagleg leiar i 50% stilling frå og med 01.01.2022.

Fond

Laget forvaltar to fond: Rolf Myklebust Minnefond med ein eigenkapital på kr. 124 168,81 og Mo-kursfondet med eigenkapital på 89 463,80.

Prioriterte satsingsområde



I arbeidsprogrammet vedteke på årsmøtet er desse 4 satsingsområda peika ut: *Informasjon, folkemusikkarena, kulturpolitisk arbeid og organisasjon.*

Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeidet er i det aller mest gjennomført via e-post til medlemmene, nett over nettportal der laget har eiga heimeside, og sosiale media som Facebook og Instagram. Det er også sendt ut presse-meldingar om mellom anna spesielle arrangement under overskrifta *Folkemusikkarenaer*. Vi er ikkje gode nok på informasjonsarbeid. 1. varamedlem, Marie Nicolaisen fekk i oppdrag å vurdere bruk av nett og sosiale medier. Hennar konklusjon er at det bør lagast ein plan for korleis dett arbeidet bør gjennomførast i framtida. Dette bør prioriterast i det nye året.

Folkemusikkarenaer

I meldingsåret vart dette arrangert kurs på Sunnfjord Folkehøgskule for born og unge i samband med og i samhandling med Førdefestivalen. Her deltok 23 stk. som



fordelte seg på tre hardingfelekurs og eit trekkspelkurs. Det vart elles lagt opp til eit liknande kurs i samarbeid med Sunnfjord kulturskule i januar. Dette måtte avlysast like før start på grunn av pandemien. Hordaland folkemusikklag arrangerte Vestlandskappleik i Granvin. Frå Sogn og Fjordane deltok ein på Sjokoladekappleiken, ein spelemann og eit spelemannslag. Det var òg lagt opp til Smørbukk-kappleik i samband med 40-års markeringa for Sogn og Fjordane folkemusikklag på Thon Hotell Jølster 13.11.2021. Denne var avlyst på grunn av få påmeldingar. Dei påmelde fekk tilbod om å opptre under festen om kvelden. Tre av dei frå Jølster takka ja til det og framførde to slåttar.

Kulturpolitisk arbeid

Med bakgrunn i at Vestland fylke er danna har den nye fylkeskommunen utfordra begge områdelaga i fylket om å finne fram til ei organisering slik at vi samordnar alle våre kontaktar med den nye fylkekommunen. Fylkekommunen er ein viktig samarbeidspartner. Den er vår viktigaste økonomisk sponsor. I årsmøtet 2020 fekk styret i oppdrag og førebu ei sak om framtidig samhandling med Hordaland Folkemusikklag. Det vart sett ned eit arbeidsgruppe på fire personar, to frå kvart områdelag, som skulle utarbeide eit samhandlingsopplegg innan utgangen av 2021. Dette er gjort. Saka vert teken opp på årsmøtet i 2022. Mykje av det kulturpolitiske arbeidet i året har handla om dette.

Særlege pandemitiltak

Fylkeskommunen oppretta ei økonomisk ordning til dekking av ekstraordinære utgifter som lokallaga drog på seg som følgje av pandemien. Begge områdelaga søkte samla og fekk tildelt kr 100 000,-. Kr 91 895,- vart fordelt til 5 lokallag etter to søknadsomgangar i 2021.

INNLEIING

Arbeidet i Sogn og Fjordane folkemusikklag vart om mogleg enno sterkare prega av koronapandemien i 2021 enn året før. Styret augna i starten av året ei viss von om at det kunne gå å få til både sommarkurs og nokre fysiske samlingar i andre halvår. Vi fekk etter, etter eit innspel frå Førdefestivalen gjennomført eit sommarkurs for born og unge og ein jubileumsfest i november. Vi klarde òg å gjennomføre eit styremøte som fysisk møte. Elles var det aller meste av møteaktivitet gjennomført som nettmøte.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Formålsparagrafen til laget styrer all aktivitet. Arbeidsprogrammet, som vart vedteke av årsmøtet 2020 byggjer på føringane i formålsparagrafen, §1 Føremål;

Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal arbeide for å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å arbeide for å auke kunnskapen om, kjennskapen til og interessa for tradisjonelt spel, song og dans.

Programmet hadde 4 hovudpunkt: *Informasjon, Folkemusikkarena, Kulturpolitisk arbeid og Organisasjon.*

Informasjon

Folkemusikklaget har arbeidd for å gje god og relevant informasjon om aktuelle saker og hendingar til utøvarar, arrangørar, media og publikum. På grunn av mangalande aktivitet har også informasjonsflyten vore liten. Det meste går via nettportal, sosiale media og pressemeldingar/anna kontakt med presse.

Styret ser at vi har behov for å bli betre på informasjon og særleg når det gjeld bruken av ulike media. 1. vararepresentant til styret Marie Nicolaisen har laga eit notat om problematikken. Her summerer ho opp litt om korleis dei ulike digitale plattformene fungerer og kva plattform som dermed høver best for ulike typar informasjon. Ho konkluderer slik:

Det kan vere hensiktsmessig å legge ned noko arbeid med ein plan om bruk av ulike digitale flater og media og med det få både retningslinjer for god bruk og for å auke kvaliteten.

Ein slik plan bør bli ei prioritert oppgåve i nær framtid.

Folkemusikkarena

Sogn og Fjordane Folkemusikklag meiner at det er viktig å ha gode arenaer for musikk, song og dans. Ein lokallagsrunde (halvvegs gjennomført til og med 2021) fortel at rekruttering, opplæring og attraktivt miljø er høgt prioritert i dei fleste lokallaga.

Dagleg leiar, Liv Ulvik, arbeidde med å få arrangert kurs for born og unge i 2020. Det første opplegge ho laga til var på Skei skule hausten 2020. Skulen avlyste utleiga av

areala like før kurset skulle avviklast på grunn av utviklinga av pandemien. Ho gjorde eit nytt forsøk i første halvdel av januar 2021. Det vart tillyst kurs på Sunnfjord kulturskule i Førde i samarbeid med kulturskulen. Her også vart det avlysing like før start på grunn av pandemiutviklinga i starten av året.

Styret planla to arrangement hausten 2021 på Thon Hotel Jøster. Det fyrste opplegget hadde arbeidstittelen «Folkedansgalla». Tidleg på hausten var koronasmitten i området liten, men auka på ut i oktober då tilstellinga skulle gjennomførast. Sogn og Fjordane Folkemusikklag såg seg på nytt nøydd til å avlyse.

13.. november 2021 arrangerte vi 40-års jubileumsfest for Sogn og Fjordane Folkemusikklag på Thon Hotel Jølster. Det fekk vi gjennomført med ca. 100 deltakarar. Programinnslag og mat først og dans etterpå. Då var det godt å få danse litt etter ein lag dansepause på nesten eit og eit halvt år.

Vestlandskappleiken vart halden i Granvin dette året. Deltakinga frå Sogn og Fjordane var slik: Ein gut spelte fele på Sjokoladekappleiken, ein deltakar på hardingfele og eit spelemannslag. Det vart ein svært triveleg kappleik. Særleg skal arrangøren ha ros for gjennomføringa av sjokoladekappleiken. Den vart gjennomført på ein førebiletleg måte med ca. 50 startnummer og ca. 70 deltakarar.

Kulturpolitisk arbeid

Fylkesmusikarordninga

Denne ordninga er på veg ut, men framleis er Vidar Underset i funksjon i denne ordninga og er omreisande instruktør og utøvar innan folkemusikk og –dans. Det vert ikkje tilsett fleire i denne ordninga.

Distriktsmusikarordninga

Dette er ei slags vidareføring av fylkesmusikarordninga. Den er no knytt til kulturskulane. Folkemusikklaget har vore ein av pådrivarane for å få denne på plass. Av dei 5 folkemusikarane i Sogn og Fjordane er Marin Stallemo Bakke kommen inn i staden for Håkon Høgemø. Alle desse er viktige samarbeidspartnarar og ressurspersonar knytt til det arbeidet som folkemusikklaget driv.

Gjennomgang av opplærings- og rekrutteringsopplegget

Mokurset vart avlyst i 2019 på grunn av låg påmelding. Dei siste åra før dette registrerte vi ein dalande tendens i tal deltakarar. Dette måtte gjerast noko med. I kontakt med Hordaland Folkemusikklag kom det fram at dei var interesserte i å støtte opp om dette tiltaket. Styret konkluderte etter dette med at det er ynskjeleg å etablere eit fastare samarbeid med Hordaland Folkemusikklag og sette i 2020 ned ei gruppe som var samansett av dagleg leiar, Liv Ulvik, Arngunn Timenes Bell frå Hordaland Folkemusikklag og Mette Carlsen frå Sogn og Fjordane Folkemusikklag. Gruppa fekk i mandat å evaluere opplegget (undervisning, alderssamansetting, lokalitet, miljøskaping, rekruttering mm). Og komme med eit nytt, revidert opplegg for gjennomføring i 2021. Gruppa la fram ein evalueringsrapport i 2020.

På grunn av pandemien enda det opp med eit enklare sommarkurs som fekk namnet UngLåt, som Sogn og Fjordane Folkemusikklag arrangerte i samarbeid med Førdefestivalen i 2021. Kurset vart halde på Sunnfjord Folkehøgskule 6. – 8. juli 2021. For 2022 er det sett i gang arbeid med å førebu for eit meir omfattande kurs under Førdefestivalen med tre samarbeidspartnarar: Førdefestivalen og begge områdelaga i Vestland fylke.

Organisasjon

Sogn og Fjordane folkemusikklag vart skipa 29. mars 1981. Føremålsparagrafen er vist ovanfor. Vedtektene er å finne her: <http://www.folkemusikklaget.no/om-laget.160231.nn.html>

Regionreforma gav oss det ny Vestland fylke. Dei kom med eit sterkt ynskje om å sjå områdelaga i dei tidlegare to fylka under eitt når dei skulle tildele oss midlar til drift og diverse tiltak. Dei signaliserte vidare at vi sjølv må finne ut korleis vi samarbeider om desse midlane. Fylkeskommunen har alltid vore begge områdelaga sin viktigaste økonomiske sponsor. Dette medførde trong for å sjå på korleis vi best kan organisere oss for å møte denne nye situasjonen. Begge laga sine årsmøte vedtok difor å sette ned ei arbeidsgruppe av to personar frå kvart områdelag for å utgreie spørsmålet og komme med eit framlegg til korleis vi best kunne løyse denne nye utfordringa. Gruppa vart samansett slik: Frå Hordaland: Åslaug Timenes Bell og Per Øyvind Tveiten (leiar i laget) og frå Sogn og Fjordane: Ingrid Schei Stuhaug og Knut David Hustveit (leiar i laget). Dei la fram eit utgreiing med framlegg til 2 moglege løysingar innan utgangen av 2021 slik føringane i årsmøtevedtaka la opp til. Gruppa konkluderer med å tilrå at begge områdelaga vert slege saman til eit lag. Gruppa har også skissert ei alternativ løysing med eit samordningsorgan samansett av medlemmer frå begge laga der ein såleis kan behalde områdelaga slik dei er i dag. Utgreiinga med framlegga er sendt ut på høyring. Planen er å handsame begge framlegga i kvart lag sitt årsmøte 2022.

Styret 2021

Det nye styret etter valet 11.04.2021 er dette:

Knut David Hustveit – leiar	på val i 2022
Kirsten Friis - nestleiar	på val i 2023
Jofrid Årdalsbakke Djupvik	på val i 2023
Jorunn Sollid – nestleiar	på val i 2022
Arne Fossøy	på val i 2022
Varamedlemmer	på val kvart år
1. Marie Nicolaisen	
2. Dagfrid Vallestad Brevik	
3. Berner Midthjell	

1. varamedlem har vore kalla inn til alle styremøte.

Styret har hatt 9 styremøte i 2021 og handsame 54 saker. Eit vart avvikla som fysisk møte og 8 vart avvikla som nettmøte.



Dordi Boksasp Lerum – vikar for dagleg leiar 2021

Liv Ulvik fungerte som dagleg leiar fram til 15.01.2021 då ho gjekk ut i eit års permisjon.

Dordi Boksasp Lerum vart tilsett som vikar i Liv Ulvik si permisjon. Ho starta opp arbeidet 15.01.2021.

Nikolai Storevik: Under permisjonstida sa Liv Ulvik opp stillinga slik at ho slutta formelt 31.12.2021. Hennar oppseiing førde til at stillinga vart utlyst på nytt. Etter dette vart Nikolai Storevik tilsett som ny dagleg leiar. Han startar opp 01.01.2022.

Rekneskap

Rekneskapan vert førd av ØKONOMISERVICE AS som er lokalisert i Lærdal. Dette er eit autorisert rekneskapsbyrå. (Det medfører at vi ikkje treng velje vår eigen revisor.)

Sogn og Fjordane fekk eit ekstra driftstilskot fordi vår administrasjon som skulle ta seg av ein del ekstra gjeremål som var knytt til samordningsarbeidet knytt til framtidig samhandling mellom Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fordeling av ekstraordinære «koronamidlar»

Områdelaga i Sogn og Fjordane og Hordaland fekk tilsaman kr 100 000,- i ekstraløyving frå fylkeskommunen. Dette var pengar som skulle fordelast til lokallaga i begge områdelaga som kompensasjon for ekstrautgifter dei hadde hatt som følgje av koronarestriksjonar. Midlane vart fordelte etter søknader frå lokallag. Etter ein

ekstra søknadsutlysning hadde vi fordelt midlar til 5 lag, 1 frå Hordaland og 4 frå Sogn og Fjordane. Alle som søkte fekk stønad. Det blei i alt delt ut kr 91 895,-.

Årsmøte 2021

Årsmøtet vart halde som nettmøte 11.04.2021. 11 lokallag møtte med i alt 12 representantar. Frå styret deltok styreleiar Knut David Hustveit (møteleiar), Arne Fossøy, Jorunn Sollid (nestleiar) og 3. vararepresentant Berner Midthjell. Dagleg leiar Dordi Boksasp Lerum var referent. Einar Ese og Per Øyvind Tveiten frå Hordaland folkemusikklag møtte som observatørar.

Lokallagsbesøk 2021

Leiaren besøkte Spelemannslaget Fjelljom i samband med Fjelljomfestivalen. Det vart ikkje gjennomført andre lokallagsbesøk i 2021 på grunn av pandemien.

Medlemmer, medlemskap og representasjon

Folkemusikklaget hadde medlemmer 637 medlemmer (670 2020) . Av desse er 82 born unge under 18 år (101 i 2020). Som tidlegare er 20 lokallag tilslutta områdelaget. Nytt frå 2020 er at 19 av lokallaga ligg i Vestland fylke (tidlegare Sogn og Fjordane) og eitt, Hornindal Spelemannslag, høyrer no til i Møre og Romsdal fylke.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har medlemskap i:

- FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans.
- Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikfestival (Førdefestivalen).
- Vestland Musikkråd.
- Sogn og Fjordane Folkemusikklag er frå 2021 med i rådet for hardingfela.no.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har i 2020 vore representert på:

- Representantskapsmøte i Førdefestivalen v/styreleiar.
- Møte i Vestland Musikkråd.
- Vestlandskappleiken i Granvin.
- Fjelljomfestivalen

REGIONREFORMA OG SAMARBEID MED HORDALAND

Vestland fylkeskommune er vår viktigaste økonomisk sponsor. Dei seier at dei ynskjer å tildele midlar til oss som ein organisasjon. Det betyr at vi må finne fram til korleis vi samarbeider om desse midlane.

Det har vore fleire kontaktar mellom folkemusikklaga i Hordaland og Sogn og Fjordane siste året der temaet har vore korleis vi best kan samarbeide i framtida. Samarbeidet vart drøfta i begge områdelaga sine årsmøtet. Begge gav kvart sitt styre slikt oppdrag:

Å utgreie fordeler og ulemper med ulike framtidige samhandlingsalternativ med Hordaland folkemusikklag (Sogn og Fjordane folkemusikklag) innan utgangen av 2021. Denne utgreiinga skal så vere med å gje grunnlag for endeleg vedtak om framtidig struktur på årsmøtet i 2022.

Det har vore halde nokre nettmøter med Hordaland Folkemusikklag, oss og den nye fylkeskommunen for å drøfte offentleg finansiering. Det er eit klart behov få å sjå nærare på organiseringa av folkemusikkлага innanfor Vestland fylke som følgje av at fylket er vår viktigast økonomiske bidragsytar. Vi må finne sjølv finne fram til korleis vi samarbeider om desse midlane.

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har fått kr 100 000,- i ekstra tilskot for 2021. Dette er midlar som vi administrer, men skal nyttast til å finne fram til ei mest mogleg tenleg framtidig organisering av arbeidet desse to organisasjonane driv med.

UTGJEVINGAR

Dei hefta som er nemnde nedanfor har Sogn og Fjordane Folkemusikklag for sal:

Rolf Myklebust: «Slåttar i Nordfjordtradisjon».

Rolf Myklebust sine seks notehefte med Slåttar i Nordfjordtradisjon vart utgjeve av Folkemusikklaget i 1985 og 1986. Folkemusikklaget har 476 hefte på lager ved utgangen av året. Hefte nr. 2 er på det næraste utseld.

«Skumringstimen» - vokal folkemusikk frå Sogn og Fjordane:

Boka Skumringstimen vart gjeven ut i 1998, og inneheld ei samling folkesongar skrive ned etter kjelder frå alle kommunane i fylket. Boka inneheld også to cd-plater med opptak av kjeldene. Folkemusikklaget har 41 hefter på lager ved utgangen av året.

Andre utgjevingar som laget har for sal:

(Tala i parentes viser restopplaget.)

- Lars Hjelbakk: *17 slåttar* (22 stk.)
- Einar Eimhjellen: *Slåttar og spelemenn i gamle Naustdal* (9 stk.)
- Einar Eimhjellen: *Steindalslåttar og andre slåttar frå Flora kommune* (3 stk.)
- Jens Brekke: *Slik læte da her* (2 stk.)
- *Slåttar frå Jølster* (4 stk.)

NETTPORTAL

Folkemusikklaget har på nettportalen "Folkemusikk i Sogn og Fjordane" ein felles informasjonsportal knytt til domena www.folkemusikklaget.no, www.mokurset.no, www.fylkeskappleiken.no og www.vestlandskappleiken.no. Nettsida har følgjande punkt på hovudmenyen:

- Aktuelt
- Folkemusikklaget
- Kurs | Seminar
- TØFT

- UngLåt
- Fylkeskappleiken
- Vestlandskappleiken

Her er det jamleg publisert aktuelle nyhende og saker. Portalen har ein kalenderfunksjon der alle som ønskjer, kan legge inn arrangementa sine. Sakene på nettportalen blir såleis publisert på grunnlag av informasjon frå medlemmene og andre relevante aktørar.

Folkemusikklaget ønskjer at nettportalen skal spegle det som skjer på folkemusikkfronten i fylket og oppmodar alle om å sende inn informasjon om arrangement i fylket. Nettsida er oppgradert med ny grafisk profil i 2019.

Sidan så godt som all aktivitet har lege ned i 2021 har det også vore lite informasjon å gå ut med.

SOSIALE MEDIA

Sogn og Fjordane Folkemusikklag har eiga side på Facebook med kring 800 følgjarar. Her er det vidareformidla eigne nyhende frå nettportalen og delt vidare folkemusikk-hendingar, relevante avisinnlegg osv. Det har vore lagt spesielt vekt å spreie informasjon om arrangement i Sogn og Fjordane og utøvarar frå Sogn og Fjordane. Laget har òg ein eigen konto på Instagram.

FOLKEMUSIKKPRISEN

<http://www.folkemusikklaget.no/folkemusikkprisen.160292.no.html>



Judith Vestrheim med Folkemusikkprisen for 2020.

Judith Vestrheim fekk folkemusikkprisen for 2020.

Folkemusikkprisen er ei heidersutmerking Sogn og fjordane folkemusikklag deler ut anna kvart år i samband med Sogn og Fjordane-kappleiken. På grunn av pandemien fekk vi ikkje delt den ut før i fjor haust under 40-årsmarkeringa.

Judith fekk prisen for eit langt engasjement som tradisjonsberar, utøvar, instruktør og formidlar av først og fremst songskatten vår, men også resten av kulturarven knytt til vårt nærområde.

UTSNITT

Vestlandskappleiken vart gjennomført i Granvin i Hardanger 9. oktober 2021

Deltakarar frå Sogn og Fjordane:

- 9 år gamle Sigbjørn Eikås «Hopsa frå Målselv» under Sjokoladekappleiken.
- Lagspel senior: Indre Sunnfjord spelemannslag - 5. plass
- Solo hardingfele: Egil Furenes, Spelmannslaget Havbrusen - 2. plass
- Dans kl.A : Solbjørg Steiro Herstad/Arild Herstad, Sunnfjordspringar - 2. plass

Både landskappleik, landsfestival og Sogn og Fjordane-kappleiken vart avlyste i 2021.

Arrangement 2021

- Førdefestivalen 2021.
- UngLåt: 6. - 8. juli i tilknytning til Førdefestivalen. Kurs for born og unge.
- 40-års markering på Thon Hotel Jølster 13. november:

Sogn og Fjordane folkemusikklag vart skipa 29. mars 1981. Den pågåande korona-pandemien gjorda det uråd å samle folk i mars 2021. Men ut på hausten fekk vi det til. Fram mot 100 personar deltok. Festen inneheldt servering av varm mat, attersyn, diverse underholdningsinnslag innan spel, song og dans var organisert og gjennomført av tidlegare leiarar pluss tre heilt unge felespelarar frå Jølster: Lena Strand, Maida Girzadaite og Sigbjørn Eikås. Jostein Årdal, som hadde ein sentral rolle under skipinga, gav oss eit attersyn over historia til laget.



Bilete av leiarar og dagleg leiarar : F.h.: Svein Nesje, Antonia Karete Kongsvik Haugen, Elin Grytting, Magnus Hope, Aslak Johnsen, Einar Eimhjellen, Sigmund Eikås, Dagrunn Hesjevoll (dagleg leiar), Hilde Bjørkum (dagleg leiar), Kirsten Friis og Knut David Hustveit.

Folkemusikkprisen, som egentleg skulle vore utdelt i samband med Sogn og Fjordane kappleiken 2020, vart utdelt til Judith Vestrheim. Bordsæta vart leia av kjømeister Jens Brekke. Etterpå var det dans til musikk av Fjellklang spelemannslag og Indre Sunnfjord spelemannslag.

11 av i alt 16 styreleiarar var med på festen. Det var også dei to første daglege leiarane.

FOND

Sogn og Fjordane folkemusikklag forvaltar Rolf Myklebust Minnefond og Mokursfondet.

Rolf Myklebust Minnefond

Det har ikkje vore nytta midlar frå minnefondet i 2021. Vi fekk ein forespørsel om støtte. Rentene av fondet utgjorde berre eit mindre beløp. Det fann vedkommande det ikkje verdt å søkje på.

Fondet sto pr. 31.12.21 med kr. 124 168,81 i egenkapital. Renteinntektene for 2021 var kr. 62,-.

Les meir om fondet her: <http://www.folkemusikklaget.no/rolf-myklebust-minnefond.160232.no.html>

Mokursfondet

Mokursfondet vart oppretta etter vedtak av årsmøtet 2011 og skal byggjast opp av driftsoverskot frå Mokurset, samt renteinntekter av fondet sin egenkapital. Midlar frå fondet kan gå til å dekkje eit eventuelt driftsunderskot frå Mokurset, og til å gjere investeringar i Mokurset etter vedtak i styret. Det er ikkje gjennomført Mokurs i meldingsåret og såleis heller ikkje nytta midlar frå fondet. Fondet sto pr. 31.12.21 med kr. 89 463,80 i egenkapital.

SAMARBEIDSPARTNARAR OG STØTTESPELARAR

Laget vil med dette rette ei stor takk til alle desse:

- Vestland fylkeskommune
- Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- Førdefestivalen
- KOMP
- FolkOrg
- Dextra Musica
- Rådet for folkemusikk og folkedans
- Luster sparebank
- Hordaland folkemusikklag
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
- Jostedal spel- og dansarlag – TØFT-samling